



**VAR**

# Ikke Kast ting i do!



Bruker du toalettet som bossbøtte, bidrar du til forsøpling i terreng og hav.

Ein landsdekkande kampanje skal motivere til betre toalettrett. Bla om og les meir!

# Bæsj, tiss og dopapir er det einaste som skal i do!

Tømmer du matfeitt i vasken, eller kaster våtserviettar, tampongar og bind i toalettet? Då er du med å bidra til at store mengder plast hamner i havet. I desse dagar startar ein landsdekkande kampanje for å få bukt med boss i toalettet. Kampanjen «Det må du nesten bare drite i» vil gå i sosiale media i heile 2022.



## Kostbart meirarbeid

Kvar einaste dag skaper boss i toalettet store utfordringar for avløps-systemet vårt. Konsekvensane er kostbart meirarbeid med tette rør og tilstoppa pumper. Avløpsvatnet lar seg ikkje stoppe av eit tilstoppa rør. Det finn andre vegar som inn i kjellarar og/eller til overløp der ureinsa avløpsvatn og toalettboss flyt fritt ut i terreng og sjø. NRK sin nye serie «Plasthavet» kan få det til å gå kaldt nedover ryggen på oss.

## Mikroplast i havet

Mange av produkta som går i toalettet inneheld plast, som våtserviettar, eingongsklutar, sanitærartiklar, sigarettneipar, linser, tanntråd og emballasje. Dette blir til slutt mikroplast dersom det hamnar i havet.

Forskning viser at hovudkjelda til bossen vi ser langs norske strender er frå toalettet i heimen. Men veit ikkje folk at dei ikkje skal bruke toalettet som bossbøtte? Undersøkingar viser jo at ni av ti har oppgitt at dei har bossbøtte på badet. Kvifor blir ikkje denne brukt?

Eitt av måla til kampanjen er å gje folk kunnskap om ikkje å bruke toalettet som bossbøtte, fordi dei enkle vala fort kan skape store problem. I staden vil vi motivere folk til å velje bossbøtta og kjelde-sortering.

DET MÅ DU  
NESTEN BARE  
DRITE I 😊

## NYTT FRÅ RENOVASJON

### Heng returplastsekken på ein krok!

Vi har kjøpt inn krokbar returplastsekke som gjer det enkelt å henge returplastsekken på papirspannet. Du slepp å knyte sekken fast til spannet. Berre knyt att sekken, og heng han på kroken. Fest kroken med ein strips på handtaket. Frå februar vil vi dele ut krokbar returplastsekke på gjenbruksstasjonane.

### HUGS: Returplastsekkane skal berre nyttast til returplast som blir henta heime hos deg.

Ikkje bruk dei til levering av avfall på gjenbruksstasjonane. Til dette må ein kjøpe eigne gjennomslitte sekkar.



### Datamerking av bosspann i nordre del av Øygarden kommune

Merking i nordre del av kommunen (gamle Øygarden kommune) er ferdig. Umerka bosspann vert ikkje tømt frå januar. Om de har fått ein merkelapp på spannet om at det ikkje er merka – ta kontakt med ØyVAR.

### Bosspannet mitt er borte

Er spannet borte når du skal henta det etter tømning, kan du sjekke om det står eit spann igjen, og om nokon kan ha tatt feil spann. Gi det gjerne eit par dagar før du tar kontakt med oss, det dukkar ofte opp igjen.

### VISSTE DU...

om du treng større papirspann (240 l) kan du få dette kostnadsfritt.

Hugs  
å sette ut  
bosspannet  
før kl. 06.00  
på hente-  
dagen!



## Hjelp renovatørane!

Skal bossbilen kunne køyre trygt, er det viktig av vegen blir måka og strødd ved snøfall. Også snuplassar må måkast og strøast. Sjøføren kan la vere å køyre strekinga dersom han meiner vegbanen er for glatt. Sett gjerne spann til hovudvegen.

### HUGS Å...

- måke snø av lokket og rundt spannet (pass på at lokket ikkje frys fast).
- parkere slik at bossbilen kjem fram.
- leggje litt avisapir eller eggkartong i botnen av matavfallsspannet, så ikkje avfallet frys fast.

**Vi blir kjempefornøgd når spannet står plassert med handtaket ut mot vegen på tømmedag!**

### LidSafe – held lokket nede

LidSafe er ein stropp som held bosspannlokket på plass i sterk vind eller om spannet velter. Mange har gode erfaringar med stroppen, som er til sals for 100 kroner på gjenbruksstasjonane i Lonavegen og Midtstegen. Følg instruksjonane for montering nøye, slik at stroppen ikkje kjem i konflikt med løftebommen på bilen ved tømning av spannet.



Sjå meir på  
[www.avfallssikring.no/produkt/lidsafe](http://www.avfallssikring.no/produkt/lidsafe)


### Får du ikkje varsel i tømme-appen?

No får du ikkje lenger tømme-kalender i postkassen, men ØyVAR-appen minner deg på når bosset skal settast ut. Om du har problem med å få varsling – sjekk følgjande:

1. Hugs å halde appen oppdatert. I utgangspunktet held det at du opnar appen med jamne mellomrom, men du kan òg oppdatere appen manuelt under «Informasjon» i hovudmenyen.
2. Pass på at du har tillat appen å sende deg varslar. Dette kan du sjekke under innstillingane på telefonen din.
3. Har du velt riktig tømmezone? Sonen du har velt vises øvst i opningsbildet i appen. Om det er feil kan du endre ved å klikke på tannhjulet øvst til høyre.
4. Har du velt eit egna tidspunkt for varsling? Du kan sjølv vel tidspunkt for varsling ved å klikke på tannhjulet.

### Reduser gebyret med sjeldnare tømning!

Er du flink til å sortere avfallet og har god plass i restavfallsdunken din? Hugs at henting av restavfall kvar 4. veke gjev redusert renovasjonsgebyr. Hushald med lite restavfall kan velje sjeldnare hentefrekvens for restavfall, det vil seie henting kvar 4. veke i staden for kvar 2. veke som er det mest vanlege.



## Info til brukarar av Bruktbuene

Bruktbuene har tidvis vore stengde gjennom pandemien. I seinare tid har Bruktbua i Midtstegen vore open for både innsetjing og uthenting, medan vi i Lonavegen på Straume har måtta avgrense bruken til å setje inn gjenstandar.

Gjenstandane blir så framsynt i Bruktbua på Midtstegen. Dette er ei ordning som vil halde fram. Det reduserer det totale trykket på Straume, samstundes som vi i Midtstegen har betre lokale med tanke på både framsyning av gjenstandar og smittevern. Hugs at du må betale for det du set inn i Bruktbua, på same måte som for anna avfall.



### Returpunkt for glas- og metallemballasje

Dei fleste er kjende med dei grønne igloane til glas- og metallemballasje. I tillegg finst det større nedgravne innsamlingseiningar ved Straumfjellet Panorama i Straumfjellvegen og bak Sartorgården på Straume, og ved Mekk på Ågotnes.

Sjå [www.øyvar.no/renovasjon/returpunkt/](http://www.øyvar.no/renovasjon/returpunkt/)



## Nyheit i Returkartonglotteriet!



Nytt av året er at uansett om du leverer kartongane enkeltvis eller i kubbe, så er du med i trekninga av både 10.000 og 100.000 kroner så lenge du skriv namn og telefonnummer på kartongen.

Alle drikkekartongar kan vera lodd i returkartonglotteriet. Dette vil vera alle kartongar som har inneheldt mat eller drikke, som har eit belegg av plast eller metall på innsida. Kvart år har returkartonglotteriet 124 vinnarar, og vinnarsjansen er lik uansett kvar du bur.



### SLIK DELTEK DU

- Skyl kartongen, press den flat og skriv namn og telefonnummer på kubben eller enkeltkartongen. Bruk helst vassfast tusj, om du har.
- Legg kartongen i papirdunken din.

Les meir på [www.grontpunkt.no/gjenvinning/returkartonglotteriet](http://www.grontpunkt.no/gjenvinning/returkartonglotteriet)

## ØyVAR sponsar tøybleier!

Vi sponsar alle småbarnsforeldre busett i Øygarden kommune som vel å bruke tøybleier til barnet sitt i staden for papirbleier. Dagens tøybleier er mykje betre enn dei som var før i tida. Bruk av tøybleier vil verkeleg hjelpe å få ned mengde boss.

For å få refundert 1 000 kroner ved kjøp av tøybleier må ein dokumentere kjøp over 1 000 kroner.

Søknadsskjema og meir informasjon finn du på [www.øyvar.no/renovasjon/sponsing-toybleier/](http://www.øyvar.no/renovasjon/sponsing-toybleier/)

## Tips til frosen kompost

Det er ingen krise om komposten frys. Ein frosen kompostbinge kan hjelpast med «varmeflaske». Fyll ein eller to store plastflasker med varmt vatn og grav dei ned i massen. Gjenta dette i nokre dagar. Eit anna godt tips kan vere å leggje eit gammalt ullteppe eller ulltrøye under innerloket på kompostbingen for betre isolasjon.

## Avlesing av vassmålar ved sal av bustad

Vi har berre 1 avlesing i året, så om de skal fordele ved eigarskifte må de lese av og fordele forbruket seg imellom på eiga hand.



Følg oss på Facebook og få oppdatert informasjon 



[øyvar.no](http://øyvar.no)  
Tlf: 56 31 59 30 - E-post: [postboks@øyvar.no](mailto:postboks@øyvar.no)

## OPNINGSTIDER PÅ GJENBRUKSSTASJONANE

### Lonavegen 20, Straume

Måndag, torsdag: 10-19  
Tysdag, onsdag, fredag: 10-15  
Laurdag: 10-16

### Midtstegen 50, Skogsvåg

Måndag, onsdag: 10-19  
Torsdag: 10-17  
Tysdag, fredag: STENGT  
Laurdag: 10-16

### Miljøpunkt Tjeldstø

Onsdag: 10-18

